



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Stryn Energi As
Tinggata 3
6783 STRYN

Vår dato: 12 MAR 2012
Vår ref.: NVE 201004231-8 kv/mgv
Arkiv: 311 /088
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Magne Geir Verlo
22 95 95 34

Vurdering av konsesjonsplikt for opprusting og utviding Dalane kraftverk i Sindreelva – Stryn kommune – Sogn og Fjordane

Stryn Energi har planar for opprusting og utviding av Dalane kraftverk i Sindreelva i Markane, som har vore i drift sidan 1919. Opprustinga og utvidinga omfattar tre alternativ der maksimal slukeevne vert auka til 1,4 m³/s, 1,6 m³/s eller 1,9 m³/s. Eksisterande maksimale slukeevne er 0,6 m³/s. I planen inngår også vedlikhald/rehabilitering av rørgate og damanlegg.

Sindreelva er ein del av Hornindalvassdraget som inngår i Verneplan I for vassdrag.

På bakgrunn av samråding med lokale og regionale styresmakter har NVE kome til at verknadene ved å utvide til maksimal slukeevne på 1,4 m³/s ikkje medfører slike verknader i vassdraget at det utløyser konsesjonsplikt etter vassressurslova § 8.

Vi syner til melding av 13.08.2010 om opprusting og utviding av Dalane kraftverk.

NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Orientering om tiltaket

Det første Dalane kraftverk vart sett i drift rundt 1919. Noverande kraftverk, som utnyttar fallet mellom kote 287 og 167, fekk 13.10.1941 og 29.09.1942 konsesjon til høvesvis 5 m regulering av Svingesetvatnet og overføring av maksimalt 300 l/s frå øvre del av Vikaelva sitt nedbørfelt.

Det er trong for vedlikehald og oppgradering av kraftverksanlegget. Eksisterande aggregat yter 0,55 MW ved slukeevne på 0,6 m³/s. I samband med opprustinga har Stryn Energi sett på ei utviding av anlegget mellom anna for å redusere flaumtapet. Det vert fremja tre utvidingsalternativ basert på drift i eksisterande aggregat saman med innsetting av ei nytt aggregat.

I tillegg er det planar om å skifte ut og grave ned eksisterande rørgate.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Det er ikkje krav om slepping av minstevassføring frå Svingesetvatnet, medan det forbi inntaket i Vikaelva skal sleppast minst 5 l/s, jf. gjeldande konsesjon.

Sindreelva utgjer ein del av det verna Hornindalsvassdraget.

Dalane kraftverk – hovuddata					
Tilsig		Eksisterande	Alt. 1	Alt 2	Alt 3
Nedbørfelt Svingesetvatn	km ²	12,15			
Middelvassføring inkl overføring Vikaelva	m ³ /s	0,904	0,758*	0,904	0,904
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s				
Planlagt minstevassføring	m ³ /s				
Kraftverk					
Inntak	moh.	287			
Avløp	moh.	167			
Volum på inntaksmagasin	mill m ³	4,2			
Lengde på aktuell elvestrekning	m	750			
Brutto fallhøgde	m	120			
Slukeevne, maks	l/s	600	1400	1600	1900
Slukeevne, min	l/s				
Installert effekt, maks	MW	0,55	1,4	1,6	2,1
Rørgate, dimensjon	mm	600	800	900	1000
Magasin					
HRV	moh.	287			
LRV	moh.	282			
Magasinvolum	mill. m ³	4,2			
Produksjon					
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh		2,9	3,4	4,0
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh		3,4	4,2	5,3
Produksjon, årleg middel	GWh	4,0	6,3	7,6	9,3

*) Middelvassføring 0,758 m³/s: Berre overføring av tilsig utover 750 l/s frå Vikaelva

Høyring

Konsesjonspliktmeldinga er sendt lokal og regionale styresmakter for samråding. Dette vert rekna som tilstrekkeleg for slike meldingar. NVE har motteke følgjande fråsegner:

Stryn kommune, brev 22.11.2010:

"Generelt

Meldinga om rehabiliteringsprosjektet inneheld mellom anna rapport om verknader på biologisk mangfald, basert på tileggenlege data og inventeringar i planområdet. Rapporten konkluderer med at tiltakshavar må pårekne påslepp av ei minstevassføring i vassdraget for å sikre eit visst grunnlag for næringsdyr i vassdraget.

Rehabiliteringa vil ikkje medføre nye inngrep i større geografisk område enn for eksisterande kraftverk med inntaksdam og rørgate.

Eit viktig element i rehabiliteringa er at rørgata, som no går i dagen, vil verte overdekt.

Ålmenne interesser i planområdet

Planstatus

Heile tiltaksområdet ligg i kommunedelplan for Bøasetra-Ullsheim i gjeldande kommuneplan frå 2006. Planstatus for området er Landbruks- Natur- og Friluftsområde utan høve til spreidd bygging.

Biologisk mangfald og naturtypar

Vi kjenner ikkje til at det er gjort registreringar av viktige område med stort biologisk mangfald i det aktuelle området. Konklusjonane i rapporten vedlagt meldinga synest difor å vera riktig; at området er artsfattig for både plantar og dyr, og at verknadane av tiltaket på desse ålmenne interessene er små.

Vilt

Meldinga har i seg informasjon om viltførekomster i planområdet. Det er ikkje nemnt at vi har eit spesielt viktig område for hjort i planområdet. Hjort frå eit ganske stort omland har eit viktig brunstområde her, eitt av dei viktigaste i kommunen.

Å få rørgata overdekt kan difor vera eit positivt tiltak med tanke på å unngå skade under brunstaktiviteten.

Friluftsliv

Planområdet ligg utanfor regionalt viktige friluftsområde. Ingen kjente stiar fører gjennom området.

Kulturminne

Kommunen har ikkje registrert kulturminne i planområdet.

Ut over dette er det ikkje kjent andre ålmenne interesser enn det som er omtala i meldinga for tiltaket."

Sogn og Fjordane fylkeskommune, brev 11.01.2011:

"Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging

Fylkeskommunen har fått utarbeidd utkast til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Planen vil gjelde generelt i høve til vasskraftutbygging, men er spesielt innretta i høve til småkraftverk med installasjon frå 1 MW og oppover til 10 MW. Planen var ute på høyring med uttalefrist 15. september 2010. Innkomne merknader er under behandling. Planen omfattar ikkje verna vassdrag.

Fylkesdelplan for arealbruk

Tiltaksområdet er ikkje sett av til spesielle formål.

Automatisk freda kulturminne

I prosjektet er det m.a. planlagt nedgraving av ny rørgate ved sida av den eksisterande rørgata som deretter skal fjernast. Det er ingen kjende automatisk freda kulturminne i området, men området har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Det er mest føremålstenleg at registreringa blir gjennomført før det eventuelt blir gjort vedtak om utbygging.

Kulturminneregistreringa må gjerast på snø- og telefri mark, og tiltakshavar er ansvarleg for å ta kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Før registreringa vert tinga, ber vi om å få oversendt kart som viser kor ny rørgate og kabel skal leggst. Vidare er det viktig at vi får opplysningar om eventuelle planlagde anleggsvegar og deponi. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til oppfølgjande arbeid, eventuelt utgraving.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaket justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

Konklusjon

Så langt det gjeld konsekvensar av tiltaket for landskap, friluftsliv og kulturminne, finn fylkeskommunen ikkje grunnar sterke nok for å foreslå konsesjonsplikt. Vi ber om at NVE ser til at omsyn som er påpeika i høve til kulturminne, blir følgt opp frå kommunen og tiltakshavar si side.

I rapporten om biologisk mangfald som følgjer saka, er det lagt til grunn slepping av minstevassføring frå inntaket lik alminneleg lågvassføring, 41 liter/sek. Et slikt tiltak ville også vere positivt for elva som landskapselement.”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, brev 14.01.2011:

”Allmenne interesser knytte til elva

Eksisterande kraftverk vart bygd i 1920 og Hornindalsvassdraget vart verna i 1973. Vernegrunnlaget for vassdraget er blant anna eit varierende landskap frå høgfell til fjord. Dette påpeikar viktigeita av heile vassdraget, også ytterkantane som Svingesetvatnet. Dessutan er friluftsliv opplista som viktig bruk av vassdraget.

Det er utarbeida differensierte forvaltningsplanen for Hornindalsvassdraget. Planen vart endeleg vedteken 24.04.2008. Dalane kraftverk og Svingesetvatnet er plassert i sone II. Forvaltningsstrategi for sone II er skildra som: ”Det skal leggjast vekt på å ta vare på friluftsområda ... og fiskeressursar”. I planen er tiltak som ”småskala vasskraftutbygging med effekt opp til 1000 kW” vurdert som ”tiltak eller inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernegrunnlaget, og der omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast”.

Svingesetvatnet er eit lågtliggande reguleringsmagasin. Det er busetnad og fritidsbustadar rundt vatnet. Reguleringsmanøvreringa vil påverke både opplevinga av landskapet i kvardagen og i friluftssamanheng. Prøvefisking i 1987 viste at det var bra med aure i vatnet. Området er og registrert i EDNA-registreringa (viktige naturområde i Sogn og Fjordane) som lokalt viktig våtmarksområde.

Eidselva er nasjonalt laksevassdrag og Hornindalsvatnet har storaurebestand. Dalane kraftverk ligg eit stykke ovanfor anadrom strekning, men Sindreelva drenerar mot Kjøsapollen som er ein del av Hornindalsvatnet.

Allmenne interesser knytte til utbyggings- og influensområdet

Eksisterande kraftverk ligg innanfor viktig friluftsområde (FRIDA) og Svingesetvatnet ligg opp til regionalt viktig friluftsområde i fylkesdelplanen for arealbruk.

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere saka i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområde, fisk) og friluftsliv. Etter § 35 pkt. 6 i vassressurslova skal utvidingar berre gis dersom forhold i vassdraget etter ei samla vurdering vil vere

miljømessig like gunstig som før utviding. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer vi meldingar og søknader i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova skal leggjast til grunn ved handsaming og vurderingar/avgjerder etter særlovene.

Endring av overføringa av Holevatnet vart handsama i samband med konsesjonshandsaminga for Vikaelva kraftverk. Omsøkte alternativ tek utgangspunkt i både om Vikaelva kraftverk vert realisert eller om overføringa følgjer gamal konsesjon for Svingesetvatnet. Vi viser til uttale frå Fylkesmannen, datert 30.10.2007, om Vikaelva kraftverk.

Eksisterande anlegg er frå 1920. Ei opprusting av dette anlegget vil ikkje påverke eksisterande vassføring dersom ikkje slukeevna for kraftverket vert endra. Alternativ 1-3 baserer seg på å sette inn ein ny turbin i tillegg til eksisterande. Slukeevna vil då auke betydeleg (2-3 gonger). Då det ikkje er vist hydrologiske data for vassdraget, går Fylkesmannen ut i frå at dette må takast frå overløpet i inntaket eller ved å bruke reguleringa meir aktivt. Større svinging av vasstanden i reguleringsmagasinet vil påverke opplevinga av landskapet og friluftinteressene knytt til vatnet. Større svinging vil og kunne påverke den biologiske produksjonen i vatnet og elva nedstraums kraftverket. Auka variasjon av vasstandsvinging samt redusert biologisk produksjon kan påverke erosjon som kan påverke både lokalt i vatnet og nedover i vassdraget.

Søknad og vedlagde rapportar vurderar ikkje effektane på det verna vassdraget og forholdet til gjeldande forvaltningsplan. Effekten av ev. endringar av manøvreringa av eksisterande reguleringsmagasin er ikkje skildra eller vurdert i søknaden.

Tilråding

Fylkesmannen vurderer at dei allmenne interessene knytt til vasstand kan påverkast ved dei omsøkte utbyggingsalternativa. Fylkesmannen tilrår difor at det ikkje vert gjeve konsesjonsfritak for søknaden om utviding av eksisterande kraftverk. Det er særleg endringa av reguleringa av Svingesetvatnet som må vurderast nærare i forhold til allmenne interesser og effektane på det verna vassdraget Hornindalsvassdraget gjennom ei eventuell konsesjonshandsaming.

Dersom kraftverket ikkje aukar slukeevna, dvs. alternativ 0, ser ikkje Fylkesmannen at allmenne interesser vert påverka ut over dagens situasjon. Dette alternativet vert vurdert som akseptabelt i høve allmenne interesser. Det vil vere positivt dersom det vert slept ei fast minstevassføring slikt det blir lagt opp til i meldinga til Stryn energi AS og ikkje berre basert på lekkasjar som i dag.

Fylkesmannen føreset at legging av ny røyrgate følgjer eksisterande røyrgate og at denne vert fjerna. Dette vil krevje ei ganske brei ryddegate gjennom skogen. Terrengmessig tilpassing og sikring/tilbakeføring av buskvegetasjon og einskildtre vil kunne redusere det visuelle inntrykket av tiltaket.

Regulering av Svingesetvatnet har hatt revisjonsadgang frå tidleg 90-tal, jf. NVE sin "Oversikt over konsesjoner etter vassdragsreguleingsloven som kan komme til revisjon fram mot 2022". Dette er eit låglandsmagasin med ein del allmenne interesser. I samband med arbeidet med vassdirektivet og tiltaksplanar som skal på plass dei nærmaste åra, kan det vere naturleg å sjå på vilkåra for konsesjon og eventuell revisjon."

NVE har i tillegg motteke brev frå Vikaelva Kraft datert 14.02.2011 der det vert informert om drøftingar med Stryn Energi om mogeleg tilbakeføring til Vikaelva av den delen av nedbørfeltet som vert overført til Svingesetvatn. Av brevet går det også fram at det er dissens mellom Vikaelva Kraft og Stryn Energi om Sannedalselva, som i dag vert teken inn på overføringskanalen mellom Vikaelva og Svingesetvatnet.

NVE si vurdering

I alternativ 1 i tabellen ovanfor er midlare tilsig basert på ei løysing der berre vassføring utover 750 l/s vert overført til Svingesetvatnet, medan det for dei andre alternativa er lagt til grunn 300 l/s. Dette har sambheng med drøftingar mellom Stryn Energi og grunneigarar langs Vikaelva om mogeleg tilbakeføring av vatn til Vikaelva i samband med at det nyleg er bygd kraftverk i denne elva.

NVE viser til at overføring av inntil 300 l/s frå Vikaelva har konsesjon på uavgrensa tid og vert derfor lagd til grunn for alle alternativa. Overføringa er knytt til reguleringskonsesjonen for Svingesetvatnet. Eventuell endring i overføringa kan avtalast mellom Stryn Energi og Vikaelva Kraft på eit privatrettsleg grunnlag, men må formelt avklarast på bakgrunn av ein søknad til NVE. Dersom Stryn Energi seier frå seg gjeldande konsesjon for overføring frå Vikaelva må det gjevast melding til NVE.

Den om lag 720 m lange utbyggingsstrekninga i Daleelva har vassføring berre ved overløp over dammen eller i nedbørsperiodar med tilsig frå restfeltet. Naturmiljøet langs utbyggingsstrekninga er tilpassa vassføringsregimet som har vore i elva i 90 år. Større slukeevne vil i første rekke medføre færre overløpssituasjonar, men kan også gjere det mogeleg å manøvrere Svingesetvatnet på annan måte enn i dag.

Rapport om biologisk mangfald frå Bioreg peikar særskilt på at tørlegginga av elva gjer at produksjon av botndyrfauna i nosituasjonen er svært låg og at elvestrekninga såleis er sett ut av funksjon som næringsområde for vasstilknytte fugle- og dyreartar. I eksisterande situasjon er det få overløp frå Svingesetvatnet.

Fylkesmannen meiner ei opprusting/vedlikehald av kraftverksanlegget med eksisterande slukeevne/installert effekt kan gjennomførast utan konsesjonshandsaming, medan dei tre foreslegne alternativa bør konsesjonssøkjast. Fylkesmannen grunngjev dette spesielt med at auka slukeevne vil medføre endra regulering av Svingesetvatnet.

Vassressurslova § 35 nr 6 omhandlar verna vassdrag og seier at *"ombygging av eksisterende anlegg som innebærer utvidelser, kan bare tillates viss forholdene i vassdraget etter en samlet vurdering vil være miljømessig like gunstige som før ombyggingen."*

Svingesetvatnet er eit låglandsmagasin med busetnad omkring og endra slukeevne i kraftverket kan etter vår vurdering påføre landskapet ytterlegare landskapsmessige ulemper dersom vasstanden vert halden lågare over lengre tidsrom enn i dag. NVE vurderer auken i slukeevna frå 0,6 til 1,4 m³/s, 1,6 m³/s eller 1,9 m³/s til å vere vesentleg, men føreset at reguleringsregimet i Svingesetvatnet ved auka slukeevne skal følgje noverande praksis, og at auka slukeevne såleis i hovudsak skal nyttast til å redusere flaumtap. Med desse førestnadene og maksimal slukeevne avgrensa til 1,4 m³/s kan NVE ikkje sjå at verknadene er av eit slikt omfang at utvidinga utløyser konsesjonsplikt.

Vern av vassdraget i høve til kraftutbygging vart innført etter at Dalane kraftverk vart bygd. Svingesetvatnet og Daleelva utgjer ein relativt liten del av Hornindalsvassdraget og verneverdiane vil såleis særleg vere knytt til attverande vassdragsavsnitt og nedbørfelt. Ei opprusting av kraftverket med auka slukeevne til 1,4 m³/s vil etter vår oppfatning i liten grad forringe verneverdiane ytterlegare, ettersom det ikkje skal gjennomførast nye tiltak i den allereie utbygde elvestrengen.. NVE vurderer derfor § 35 nr 6 i vassressurslova som oppfylt.

Både fylkesmannen og fylkeskommunen støttar forslaget i biologisk mangfald-rapporten om slepping av allminneleg lågvassføring på utbyggingsstrekninga. NVE vil merke at konsesjon for regulering av Svingesetvatn er gjeve i medhald av vassdragsreguleringslova, og konsesjonen inneber løyve til å ta i bruk allminneleg lågvassføring ut frå Svingesetvatnet. For reguleringskonsesjonar vil § 10 i

vassressurslova ikkje gjelde, jf vassressurslova § 66 fjerde ledd. Det vil såleis ikkje vere høve å legge inn ein føresetnad om slepping av allminneleg lågvassføring gjennom ei konsesjonspliktvrurdering.. NVE viser elles til at dette er ein reguleringskonsesjon frå 1942 som etter lovendring i 1959 kan takast opp til revisjon etter 50 år frå konsesjonstidspunktet. Spørsmålet om slepping av minstevassføring vil såleis vere naturleg å ta opp ved ein eventuell revisjon av konsesjonsvilkåra.

NVE sitt vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at opprusting og utviding av Dalane kraftverk med maksimal slukeevne inntil 1,4 m³/s ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Denne avgjerda gjeld under føresetnad av at tiltaket vert sett i gong seinast innan fem år frå dato for vedtaket, jf. vassressurslova § 19. Det kan søkast om utsetjing ein gong.

Vidare sakshandsaming

NVE sin konklusjon byggjer på dei opplysningane som er gjevne i meldinga. Ved endringar i planane må ein sende ny melding, slik at NVE kan vurdere konsesjonsplikta på nytt.

Opprustinga og utvidinga vert knytt til eksisterande reguleringskonsesjon, slik at detaljplanar for landskap og miljø (kraftstasjon, rørgate m.m) og tekniske planar for dam/trykkrør skal sendast til NVE for godkjenning før arbeidet vert igangsett. Vi viser til "Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg" (damsikkerheitsforskrifta) som finst på NVE si heimeside www.nve.no. Dersom det ikkje er gjort ei vurdering av konsekvensar for brot på dam (demning) og turbinrør, må tiltakshavar å fylle ut skjema for klassifisering. Utfylt skjema med vedlegg skal sendast til NVE. Vedtak om klasse vert gjort i eige brev frå NVE. Vi minner om at dam og rør i klasse 4, 3, 2 eller 1 må prosjekterast av NVE-godkjend rådgjevar og i samsvar med reglane i damsikkerheitsforskrifta. Arbeidet med tekniske planar bør ikkje startast opp før NVE har vurdert og gjort vedtak om konsekvensklasse.

Tiltak som ikkje treng konsesjon etter vassressurslova, skal avklarast etter reglane i plan- og bygningslova. I dette tilfellet må kommunen vurdere opprustinga/utvidinga i høve til gjeldande arealplan for området og fastsetje om det må lagast ny reguleringsplan for området eller om det kan gjevast dispensasjon frå gjeldande arealplan. Tiltakshavar må sjølv ta kontakt med kommunen for naudsynte avklaringar.

Vidare gjer vi merksam på at tiltakshavar sjølv må avklare tilhøva til dei private interessene som tiltaket eventuelt kan gje følgjer for. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem).



Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Carsten S. Jensen
seksjonssjef

Kopi:

Stryn kommune, Rådhuset, 6783 Stryn
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavd., 6863 Leikanger
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Regionalavd., 6863 Leikanger
Vikaelva Kraft v/Halvard Bøe, Sætrevegen 52, 6783 Stryn